Fra: Mia Stensæth <stensaeth@gmail.com>
Sendt: tirsdag 20. oktober 2026 22:21
Til: Fjaler Postmottak
Emne: 25/1844

You don't often get email from stensaeth@gmail.com. Learn why this is important

Høyringssvar - Bevar Flekke skule

Bevar Flekke skule – tenk på framtida til heile Fjaler
Vi er to jenter fødde i 2005 og 2006, og vi ønskjer å seie tydeleg ifrå om kor viktig Flekke skule er, ikkje berre for elevane, men for heile bygda og områda rundt.
For kommunen kan ei nedlegging sjå ut som ei økonomisk løysing, men konsekvensane vil vere større enn det som kjem fram i eit budsjett. Det må finnast andre stader å kutte enn i skulen og framtida. Vi må tørre å sjå etter nye løysingar. Det treng ikkje vere anten eller!

Kvifor investerer vi ikkje i heile Fjaler?
Vi opplever at mykje av merksemda og investeringane i kommunen blir retta mot Dale. Dale er sjølvsagt ein viktig del av Fjaler, og vi ønskjer ikkje å setje bygdene opp mot kvarandre. Men kvifor skal utvikling i kommunen så ofte bety at éin stad blir prioritert, medan andre risikerer å miste viktige tilbod?

Folk buset seg ikkje i Flekke fordi dei ønskjer å ha alt i Dale, men fordi dei ønskjer å bu i Flekke. Vi ønskjer å skape oss eit liv her, og vi ønskjer at bygda vår skal ha ei framtid. Då må vi og kunne forvente at kommunen investerer i oss.
Flekke er, slik vi ser det, ein av dei få stadene i kommunen som opplever vekst. Då må vi spørje oss sjølve om det verkeleg er rett å svekkje ei bygd med framtidspotensial ved å leggje ned ein av dei viktigaste institusjonane hennar. Det verkar motstridande å ønskje tilflytting og utvikling i distrikta, samstundes som ein fjernar tilboda som gjer det attraktivt å bu der.

Vi meiner Guddal er eit døme det er verdt å lære av. Når ei bygd mistar skulen, butikken og andre viktige tilbod, blir det færre grunnar for familiar til å busetje seg der. Skal vi verkeleg risikere at fleire bygder i Fjaler utviklar seg i same retning? Vi må og hugse at dei lokale tilboda er avhengige av at folk bur i bygda og ønskjer å bli verande. Ei skulenedlegging kan difor få konsekvensar langt utover sjølve skulen, mellom anna for tilflytting, busetjing og andre lokale tilbod.

Ein skule som ser den enkelte
Vi har vore heldige som fekk vekse opp med Flekke skule, og vi kunne ikkje vore meir takknemmelige for den moglegheita. Det gjer oss trist å tenkje på at framtidige familiar, kanskje inkludert våre eigne barn, ikkje nødvendigvis vil få den same moglegheita. Så lenge vi kan hugse, har det vore diskusjonar om nedlegging av Flekke skule. Når kan vi få senke skuldrene og begynne å byggje Flekke opp, i staden for stadig å måtte kjempe for å behalde tilboda vi har?

Flekke skule har alltid vore ein trygg og varm stad å kome til. Skulen har teke imot fleire elevar som har hatt det vanskeleg på andre skular, og gitt dei ein ny sjanse i eit tryggare og nærare skulemiljø. Det seier mykje om verdien av ein skule der elevane blir sett, og der det blir lagt til rette for at kvar enkelt skal få det betre.
Eg kjem aldri til å gløyme talen til ein elev som gjekk ut av Flekke skule for om lag to år sidan. Eitt sitat har brent seg fast hos meg:
«Jeg hadde det ikke bra på skolen jeg gikk på før, og jeg ble mobbet mye. Så flyttet vi til Flekke, og jeg har aldri blitt møtt med så åpne armer.»
Eleven grua seg ikkje lenger til å dra på skulen, men til å dra frå Flekke skule. Dette seier mykje om kva ein skule kan bety for eit barn. For nokre handlar det ikkje berre om kvar dei får undervisning, men om å finne ein stad der dei kjenner seg trygge og velkomne. I Flekke lærer vi å ta imot alle uansett kva bakrunn du har, derfor er den så trygg og god.

Eg, Mia, har sjølv jobba på skulen i snart tre år og har fått oppleve korleis han fungerer både som tidlegare elev og som arbeidstakar. Eg har sett kor viktig det er at dei vaksne kjenner elevane godt, og korleis skulen legg til rette for ulike behov. Dette har gitt meg endå større forståing for kor mykje det betyr å ha eit skulemiljø der elevane får den oppfølginga dei treng.

Difor er vi bekymra for kva det vil bety å samle fleire elevar på Dingemoen, både med tanke på kapasitet og individuell oppfølging. Vi ønskjer ikkje å kritisere Dingemoen skule, men meiner at Flekke har eit nært og trygt skulemiljø som det er viktig å ta vare på. Når elevtalet aukar, kan det bli meir krevjande å gi kvar enkelt den same tida og merksemda. For oss handlar ikkje dette om kva skule som er best, men om å sikre at elevane får eit godt tilbod som tek omsyn til ulike behov. Det er lettare å få til begge plassar om vi ikkje stappar alle inn ein plass.

Kva sparer vi – og kva risikerer vi å miste?
Vi forstår at kommunen må spare pengar, men vi meiner det må vurderast om det finst andre alternativ før ein legg ned ein skule som betyr så mykje for bygda og områda rundt. Ei skulenedlegging er ikkje noko ein enkelt kan gjere om på dersom ein seinare ser at konsekvensane blei større enn venta.

Vi ber kommunen om å sjå på alternative innsparingar og vurdere dei langsiktige konsekvensane før ei endeleg avgjerd blir teken. Vi må rette blikket mot heile Fjaler og sørgje for at også bygdene utanfor Dale får moglegheit til å utvikle seg. Vi ønskjer ikkje at Flekke skal prioriterast framfor andre, men at bygda skal bli prioritert på lik linje med resten av kommunen.

Vi ønskjer å bevare Flekke skule fordi vi veit kva han betyr for elevane, familiane, bygda og oss. Vi ønskjer at framtidige familiar skal kunne flytte hit, og at barna deira skal få den same tryggleiken og det same fellesskapet som vi sjølve fekk oppleve.
Vi veit at det kanskje er vanskeleg for dei som ikkje blir direkte påverka, å forstå kor mykje dette betyr for oss. Men vi ber dykk om å lytte til oss som er unge, for det er vi som skal ta over etter kvart. Vi er dei som skal leve med konsekvensane av avgjerslane som blir tatt no.

Vær så snill å hør etter, ikkje ta frå oss framtida i Flekke!

Med helsing,
Mia Stensæth og Jette Pedersen Hovland